



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	10.06.2025
Møtetid:	10:00 -16:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Stian Sjøvik	Torill Torsvik Størkersen	SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 40/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 41/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 29.04.25	
PS 42/2025	Finansrapportering pr. 30.04.2025	
PS 43/2025	Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk	
PS 44/2025	Kulturprisen 2025	Offl. § 26 2. ledd
PS 45/2025	Kulturmidlar 2025 tildeling	
PS 46/2025	Kulturvernmidlar 2025 tildeling	
PS 47/2025	Kulturtiltaksmidlar 2025	
PS 48/2025	Fjorden kafe AS - utandørs skjenking	
PS 49/2025	Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær	
PS 50/2025	Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025	
PS 51/2025	Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust	
PS 52/2025	Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar	
PS 53/2025	Høyring av planprogram og hovudutfordringar i Vestland vassregion for regional plan for vassforvaltning 2028 - 2033	
PS 54/2025	Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen	
PS 55/2025	Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd	
PS 56/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 15/2025	Etablering av Kvingo Post i Butikk, avvikling av Kvingo Posten pakkeutlevering og Masfjordnes pakkeutlevering	

RS 16/2025	Statsforvalterens vedtak - Masfjorden 38/2 m fl. Skutevika- planID 46342023001
RS 17/2025	Vedtak TFV1-046-2025 - forkøyrerregulering og fartsgrense - Austfjordvegen - Masfjorden kommune
RS 18/2025	Trafikksikring for fotgjengarar på Matre som må kryssa E39
RS 19/2025	Formell klage på manglande oppfølging av kommunedelplan for trafikksikring
RS 20/2025	Protokoll etter møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd 25.mars
PS 57/2025	Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal
PS 58/2025	Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting
PS 59/2025	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 40/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) orienterte om at sakene som skal vidare til kommunestyret vert prioritert i dette møtet. Dei sakene som skal avgjerast av formannskapet vert tatt til slutt/utsett til eit ekstra formannskap 26.06.25.

Rådmannen orienterte om at sak – Rammer for årsbudsjettet 2026 – ikkje var lagt til i innkallinga, og bad om meir tid til å ferdigstille denne. Alternativa som vart diskutert var:

- å sende ho direkte til kommunestyret via ordinær innkalling – då ville ein legge fram ei sak med relativt stort underskot
- å legge ho fram direkte i kommunestyret med litt bearbeiding i forhold til slik ho er no
- å legge ho til i ekstra formannskapsmøte 26.06.25 etter ei vidare utgreiing med oppfølginga av alle økonomiske vedtak gjort i kommunestyret 17.juni

Formannskapet samla seg om at sak – Rammer for årsbudsjettet 2026 vart orientert om i kommunestyre 17.juni, men handsaming av saka vart delegert til formannskapet, og møte den 26.06.25.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 40/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 41/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 29.04.25

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 41/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 29.04.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 29.04.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 42/2025 Finansrapportering pr. 30.04.2025

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 42/2025 Finansrapportering pr. 30.04.2025:

Tilråding frå formannskapet:

Finansrapport pr. 1.tertial/30.04.2025 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 43/2025 Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 43/2025 Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune løyver Kr 300.000,- inkl.mva,- til kjøp av tenestebil til bruk på for drift av tenestene på teknisk

Midlane vert henta frå låneopptak.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 45/2025 Kulturmidlar 2025 tildeling

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å utsette denne saka til neste formannskapsmøte 26.06.26

Framlegg til vedtak om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 45/2025 Kulturmidlar 2025 tildeling:

Vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 46/2025 Kulturvernmidlar 2025 tildeling

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å utsette denne saka til neste formannskapsmøte 26.06.26

Framlegg til vedtak om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 46/2025 Kulturvernmidlar 2025 tildeling:

Vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 47/2025 Kulturtiltaksmidler 2025

Ordfører Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å utsette denne saka til neste formannskapsmøte 26.06.26

Framlegg til vedtak om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 47/2025 Kulturtiltaksmidler 2025:

Vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 48/2025 Fjorden kafe AS - utandørs skjenking

Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 48/2025 Fjorden kafe AS-utandørs skjenking.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var inhabil sidan han eig i eit selskap som er deleigar i Fjorden kafe AS.

Ordførar Erlend Kvamsdal deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka og varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) tok over møteleiinga.

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande endring i pkt 2:

- Uteserveringa omfattar alkoholgruppe 1, 2 og 3.

Framlegg til vedtak med endringa i pkt 2 jobba fram i møtet vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 48/2025 Fjorden kafe AS - utandørs skjenking:

Tilråding frå formannskapet:

- 1.Fjorden kafe AS får utvida skjenkeløyve til også å gjelda uteservering. Løyve til uteservering følger løyveperioden fram til 31.3.2028.
- 2.Uteserveringa omfattar alkoholgruppe 1, 2 og 3.
- 3.Skjenkeområdet skal vere tydeleg avgrensa med fysisk markering som rammer inn skjenkearealet, og tilkomst til bygget skal kunne skje utanom skjenkeområdet.
- 4.Tidsrom for utandørs skjenking:
Kvardagar frå kl. 16.00 – 23.00.

Laurdag, søndag og heilagdaggar frå kl. 13.00 – 23.00.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 49/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær

Geir Egil Haugsvær (Sp) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 49/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav b, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Haugsvær var inhabil sidan han er i nær slekt med aksjeeigarar i Haugsværtunet.

Geir Egil Haugsvær deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Dagaktivitetssenter vert realisert såframt omsorgsbustadane til Masfjorden kommune i Haugsvær panorama vert bygd

Kariann Ekren (H) sette fram følgjande endring i 4 avsnitt:

- [...], men det skal lagast avtale som sikrar Masfjorden kommune rett til å nytte desse lokala

Framlegg til vedtak med tilleggspunkta frå Rådmannen og H vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 49/2025 Etablering av dagaktivitetssenter på Haugsvær:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune inngår kontrakt med Haugsværtunet AS om kjøp av nøkkelferdig dagaktivitetssenter, eigarseksjon på Gnr. 47 b.nr. 5, adresse Sognevegen 2226, 5983 Haugsvær i Masfjorden.

Kostnadsramme for prosjektet vert sett til inntil kr. 5.922.000,-.

Eigarseksjonen som Masfjorden kommune skal overta er ombygd og påbygd del del av butikkbygg på Haugsvær. Kjøpet skal gjennomførast ved at Haugsværtunet AS seksjonerer eigedomen og overfører eigarseksjon som omfattar dei avtalte delane av bygget til Masfjorden kommune.

Noverande inngangsparti, aktivitetsrom og eksisterande toalettavdeling inngår ikkje i seksjoneringa, men det skal lagast avtale som sikrar Masfjorden kommune rett til å nytte desse lokala.

Overlevering innan august 2026. Eit vilkår for å inngå kontrakt med Haugsværtunet AS om kjøp av dagaktivitetssenter er at Husbanken godkjenner prosjektet for investeringstilskot til dagaktivitetssenter.

Dagaktivitetssenter vert realisert såframt omsorgsbustadane til Masfjorden kommune i Haugsvær panorama vert bygd.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 50/2025 Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til tilleggssetning:

- Sak om - Kvalitetsmeldinga barnehage og skule - vert frå neste år flytta til septembermøta

Framlegg til vedtak med tilleggssetninga jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 50/2025 Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025:

Tilråding frå formannskapet:

Kvalitetsmelding barnehage og skule 2024/2025 vert teken til vitring.

Sak om - Kvalitetsmeldinga barnehage og skule - vert frå neste år flytta til septembermøta

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 51/2025 Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust

Ordfører Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å utsette denne saka til neste formannskapsmøte 26.06.26

Framlegg til vedtak om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 51/2025 Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust:

Vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 52/2025 Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) sette fram forslag om å endre første setning til:

- Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt brannstasjon for området Brekke og Matre [...]

Geir Egil Haugsvær (Sp) oppmoda om dialog med Statens vegvesen i det vidare arbeidet.

Framlegg til vedtak med endringa frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 52/2025 Oppfølging av rapporten dokumentasjon av brann- og redningstenesta GMBR - forprosjekt nye brannstasjonar:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt brannstasjon for området Brekke og Matre, slik det er skildra i saksframlegget. Det vert løyvd inntil krone 400.000,- til arbeid med forprosjektet , finansiert ved å styrka GMBR sitt driftsbudsjett.

Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig innan 1. mai 2026.

Rådmannen oppnemner to tilsette som skal vere med i arbeidsgruppa i tillegg til brannsjef. Gulen kommune vert invitert til å peika ut to av sine tilsette til arbeidsgruppa.

Det vert oppnemnt ei felles politisk styringsgruppe, representert ved formannskapa i kommunane.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 53/2025 Høyring av planprogram og hovudutfordringar i Vestland vassregion for regional plan for vassforvaltning 2028 - 2033

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 53/2025 Høyring av planprogram og hovudutfordringar i Vestland vassregion for regional plan for vassforvaltning 2028 - 2033:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune meiner det er eit godt framlegg til planprogram og at hovudutfordringane langt på veg er dekkande for dei utfordringane som er knytt til Vestland vassregion.

Kommunen ber om at også Haugsdalsvassdraget vert nemnt på side 21 i utfordringsdokumentet, saman med andre vassdrag som NVE har motteke krav om revisjon av vilkår.

Det er ønskjeleg at det i planprogrammet vert skildra meir om kor viktig vilkårsrevisjonar av eldre vassdragskonsesjonar er for å kunna få til forbetringar av miljøet langs desse vassdraga.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 54/2025 Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) sette fram forslag om å utsette denne saka til neste formannskapsmøte 26.06.26

Framlegg til vedtak om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 54/2025 Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen:

Vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 55/2025 Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) opprettheld Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd i sak 33/2025 i kommunestyret 08.05.25

Geir Egil Haugsvær (Sp) opprettheld Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd i sak 09/2025 i Ungdomsrådet 26.05.25

Formannskapet samla seg om at Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd i sak 33/2025 i kommunestyret 08.05.25 vert tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 55/2025 Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd:

Tilråding til kommunestyret

Vedtekter for Masfjorden ungdomsrådet vert slik dei vart lagt fram i sak 33/2025 i kommunestyret 08.05.25

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 56/2025 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar:

- Orientering frå Sveco v/Linn Skjold og Camilla Bartz-Johannessen via teams der det vart orienterte om status for arbeidet med fleirbrukshallen.
- Orientering frå Skjelsundet utvikling v/Espen Angeltveit og Kent Remy Kvamsdal om utbygging av bustadfelt Hosteland Vest

Referatsaker:

- referatsakene vert utsett til neste møte

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet knytt opp mot rulleringa av RTP

Orientering frå Rådmannen:

- Rådmannen orienterte kort om status for datalagringssenter på Matre

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 56/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 57/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal

Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 57/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liaringen, Hostland Vest og Ytre Haugsdal.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var inhabil sidan han er grunneigar i Hosteland Vest.

Ordførar Erland Kvamsdal (H)) deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka og varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) tok over møteleiinga.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 57/2025 Framlegg til vedtak om tildeling av vegnamn i bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret vedtek følgjande vegnamn for bustadfelta Einestrand, Liarinden, Hosteland Vest og Ytre Haugsdal:

- Einestrandvegen
- Liarinden
- Kvalhogen
- Langeberget

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 58/2025 Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting

Saka vara drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 58/2025 Tingingstransport i Masfjorden kommune - drøfting:

Tilråding frå formannskapet:

Avtalen med Skyss vert ikkje forlenga.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med drosjenæringa for å oppretthalda eit liknande lokalt tilbod for eldre for perioden 01.09.2025 – 01.09.2026.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 10.06.2025 av sak 59/2025 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025 av sak 59/2025 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

